
HØYRING POLITISK ORGANISERING NYE SOGNDAL KOMMUNE



Politisk arbeidsgruppe fornying av lokaldemokratiet legg følgjande framlegg til organisering på offentlig ettersyn/ høyring, innspel skal handsamast i Fellesnemnda 24.januar 2019.

Høyringsfrist vert sett til: 21.12.2018.

Høyringsinnspel vert å sende: [Elektronisk skjema](#) eller på postmottak@sogndal.kommune.no

Gruppa har vore leia av Ordførar Jon Håkon Odd (AP, Leikanger), med i gruppa har og ordførarane Harald Offerdal (AP, Balestrand) og Jarle Aarvoll (AP, Sogndal) vore, samt Arnstein Menes (SP, Balestrand), Ole Simen Nesdal (SP, Leikanger), Vibeke Johnsen (SV, Sogndal) og Karin Vikane (H, Sogndal).

Framlegg frå gruppa til høyring:

1. Sogndal kommunestyre får 37 representantar. Sogndal kommune skal styrast etter formannskapsmodellen.
2. Formannskapet skal ha 9 representantar, i frå Sogndal kommunestyre.
3. Det skal vere prinsipp om gjennomgåande representasjon (*).
4. Det vert oppretta eige planutval/forvaltningsutval med 9 medlemmer, med innstillingsmynde til kommunestyre og formannskap(*).
5. Det vert oppretta to faste sakskomitear jf §10 a i kommunelova. Desse komiteane bør vere Komité for levekår (*) og Komité for og samfunnsutvikling(*). Komiteane bør ha ni medlemmer kvar. Dei har ikkje vedtaksmynde, men innstillingsrett ovanfor formannskap/kommunestyret.
6. Formannskapet vert valstyre.
7. Det skal opprettast eit kontrollutval på fem medlemmer. Eit kommunestyremedlem frå opposisjonspartia skal leie kontrollutvalet.
8. Det skal opprettast eit administrasjonsutval (AMU) på fem medlemmer, Ordførar, varaordførar og opposisjonsleiar, samt to representantar på vegne av hovudsamanslutningane. Rådmann er sekretær for arbeidet (eller den rådmann peikar på).
9. Det vert oppretta Råd for eldre, sju medlemmer.
10. Det vert oppretta Råd for menneske med nedsett funksjonsevne, fem medlemmer.
11. Det vert oppretta Ungdomsråd, 13 medlemmer.
12. Det vert oppretta Idretts og friluftsliv- råd, ni medlemmer.

13. Det vert oppretta Innvanderråd, fem medlemmer.

14. Det vert oppretta kulturråd, sju medlemmer.
15. Det vert oppretta viltnemnd, tre medlemmer.
16. Det vert oppretta sakkunnig nemnd for eigedomsskatt, fem medlemmer.
17. Det vert oppretta klagenemnd for eigedomsskatt, tre medlemmer.

Når det gjeld Samarbeidsutval, stiftingar, legat, aksjeselskap og representantskap og samarbeidsutval med vidare, vert dette i eiga sak for det nye kommunestyret (konstituering 03.10.2019).

Valreglar frå kommunelova om kjønnsrepresentasjon bør ligge til grunn.

Generelt:

- Prosjektrådmann må planlegge tilstrekkeleg administrative ressursar til å vere sekretariat for utval, komitear, råd, nemnder og styrer.
- Prosjektrådmann må sikra naudsynte kompetansehevingstiltak for medlemmene i desse råd/utval/styrer kort tid etter konstituering.
- Det skal gjennomførast minst årleg samtale mellom Kommunestyret (representert ved Ordførar, varaordførar og leiar opposisjon) og Rådmann. Saker er løn, måloppnåing, samarbeid,- meint som utviklingssamtale.

ARBEIDSNOTAT

TIL : ARBEIDSGRUPPE: POLITISK ORGANISERING, ORDFØRARANE
FRÅ : PROSJEKTRÅDMANN STIG ARNE THUNE
EMNE : POLITISK ORGANISERING I NYE SOGNDAL KOMMUNE (NSK)
DATO : 22. NOVEMBER 2018
KOPI : RÅDMENN

Politisk arbeidsgruppe

Politisk arbeidsgruppe som har ansvar for framlegg til politisk organisering, vart valt av Fellesnemnda 01.12.2017. Grappa er leia av Ordførar Jon Håkon Odd. Øvrige medlemmer er; Vibeke Johnsen, Karin Vikane, Ole Simen Nesdal, Jon Håkon Odd, Harald Offerdal, Arnstein Menes.



Innleiing

Arbeidsgruppa har bede Prosjektrådmann innan utgangen av oktober 2018 om å kome med eit arbeidsnotat om politisk organisering; herunder moegele framlegg, litt tal og nokre faglege betraktningar.

Grappa vil diskutere moegele løysingar og leggje sak fram for Fellesnemnda (FN) om den politiske organiseringa i NYE SOGNDAL KOMMUNE . Eit ferdig notat skal gå

til FN som innstilling frå arbeidsgruppa. Fram til det ser vi på dette dokumentet som eit **"arbeidsnotat", som kan justerast- endrast, supplerast, restrukturerast.**

Ei moeleg tidsline er skissert på side 4, men må drøftast av politisk arbeidsgruppe.

Kommunenes sentralforbund, KS

KS har tidligare gjennomført fleire spørjeundersøkingar om lokalpolitikarane og folks opplevingar av den demokratiske styringa i kommunane. KS har definert at det er fire demokratiske dimensjonar som god demokratisk styring skal sikra;

1 Pålitelegheit	Seier mykje om tillit til folkevalde sin rederligheit og styringsorgana sine virkemåtar
2 Ansvarleg	Seier mykje om innbyggjarane sine moegelegheiter for innsyn, følgja med, transparens og

	stilla politikarane til ansvar
3 Nærleik	Seier noko om innbyggjarane sine mogelegheiter for deltaking, påverknad.
4 Effektivitet	Seier noko om kommunen si evne og robustheit for å levere tenester i samsvar med innbyggjarane sine behov og rettmessige krav.

Grappa er og uroa over deltaking i val og engasjement, korleis sikra meir involvering, engasjement og deltaking blant innbyggjarane i politiske saker?

Politisk plattform i Nye Sogndal kommune

Den politiske plattformen og Intensjonsavtalen gir føringar for den politiske organiseringa. Frå kapittel 7, side 6: «Den nye kommunen skal ha sterk folkevald styring med formannskapsmodellen som styringsform. Kommunestyret skal ha 37 medlemmar. Formannskapet skal ha 9 medlemmar og ha særleg fokus på nærings- og utviklingsarbeid.»

Fellesnemnda gjorde vidare vedtak om følgjande mynde og ansvarsområde, samt sakshandsaming:

Prosjektgruppa har som hovudmål å leggje til rette for auka deltaking og meir medverknad i kommunale avgjerdsprosessar.

Prosjektgruppa skal innan våren 2019 leggje fram framlegg til rådsstruktur i nye Sogndal kommune. Prosjektgruppa skal tilrå organisering av lovpålagte råd slik som eldreråd og råd for personar med nedsett funksjonsevne, men også ikeke lovpålagte råd slik som til domes ungdomsråd, innvandringsråd, kulturråd, idrettsråd og næringsråd. Prosjektgruppa skal også tilrå rammer for rådsarbeidet slik som sekretariat, budsjett osv.

Prosjektgruppa skal innan hausten 2018 leggje fram framlegg til politisk organisering i nye Sogndal kommune. Då skal gruppa tilrå hovudutvalsstruktur for den nye kommunen, samt eventuelle politiske komitear. Prosjektgruppa skal også vurdere og tilrå om den nye kommunen skal innføre kommunedelsutval eller andre geografiske avgrensa politiske organ.

Prosjektgruppa skal arbeide for å styrkje den politiske rekrutteringa til den nye kommunen og foreslå tiltak for dette innan hausten 2018. I samband med dette skal prosjektgruppa vurdere digitale løysingar knytt til politiske arbeidsformar.

Prosjektgruppa skal undervegs i samråd med leiar av fellesnemnda og prosjektrådmann vurdere tiltak som kan bidra til at innbyggjarar, frivillige organisasjonar og næringsliv får betre informasjon frå både fellesnemnd og nye Sogndal kommune.

Prosjektgruppa skal saman med prosjektorganisasjonen vurdere digitale løysingar for kommunikasjon med innbyggjarane som vil gjere dei betre i stand til å delta og medverke i dei politiske avgjerdsprosessane.

Sakshandsaming

Prosjektleiaren for nye Sogndal kommune er ansvarleg for å syte for sekretærbistand til utvalet. (Merethe Relling Trettenes)

Prosjektleiaren har innstillingsmynde til prosjektgruppa og ansvar for å førebu saker til denne.

Kommunelova

Kommunelova (heretter Koml.) av 25.09.1992 har dei viktigaste lovreglane knytt til organisering av den politiske hovudstrukturen:

Koml.§ 7:

*Kommunestyret skal ha ulikt medlems-
tal, minst 27 medlemmer med
kommunestørrelse på mellom 10 000
og 50 000.*

Endring av medlemstalet kan vedtakast av kommunestyret sjølv seinast 31. desember i nest siste år av valperioden, med verknad for komande valperiode.

Kommunestyra i Sogndal, Leikanger og Balestrand har vedteke at kommunestyret i den nye kommunen skal ha 37 medlemmar.

Om ein ønskjer å endre dette, må det altså skje med vedtak i det nye kommunestyret i det som vert Sogndal kommune innan 31.12.2022.

(Ei endring frå 1.1.2020 krev godkjenning frå departementet i tillegg til likelydande vedtak i dei tre kommunestyra innan 31.12.2018).



Bilete er henta frå ai avrøysting i Balestrand kommunestyre, april 2018

I dag har kommunane denne samansetninga:

Kommune	Tal kommunestyre-medlemmer	Tal formannskaps-medlemmer
Balestrand	17	5
Leikanger	17	5
Sogndal	25	9

Politisk arbeidsgruppe har hatt tre arbeidsmøter i perioden 2017- august 2018.

I møte 21.08.2018 ba gruppa prosjektrådmann kome med sak innan utgang av oktober til gruppa om prosess, framlegg til politisk organisering utifrå drøftingar som har kome fram i møta, samt framlegg til vidare arbeidsplan.

Par av medlemmane har og delteke heilt/delvis på konferansar knytt til nærdemokrati.

Det er eit mål at Fellesnemnda tek endeleg stilling til politisk organisering for Nye Sogndal kommune i februar 2019. Dette er i tråd med føringar frå KS som seier at struktur bør vera klar ¾ år før samanslåinga.

Prosess vidare

Prosjektrådmann tilrår følgjande prosess vidare;

DATO	HENDING
Oktober	Tema på planlagde folkemøter i oktober.
05.11.2018	Gruppa legg ut høyringsframlegg, vert lagt ut på høyring frå 10.11.18-25.11.2018. Også politisk nivå i dei tre kommunane får høyringsframlegget. Det same partilaga/ lag-organisasjonar.
06.12.18	Fellesnemnda vert orientert vedkomande høyringane
Ultimo november	Møter med råda i dei tre kommunane
Februar 2019	Fellesnemnda fattar vedtak om innstilling til politisk hovudorganisering og til rådsstruktur
Februar-desember	Delegasjon, politisk Eigedomsskatt- regime (før- under- etter), forarbeid og tilrådingar Fellesnemnd og nytt kommunestyre Tilråding mandat komite/ grupper, grensesnitt-tilrådingar Politisk tilrådingar som må

	gjerast, arbeidsgruppe- Fellesnemnd, oversenda nytt kommunestyre Tilråding politisk reglement, politisk godtgjersle med meir
Generelt:	Etter vedtak, må det ofte utarbeidast reglement med meir. Dette må me kome attende til mht tid og fristar til gruppa.

Det er som nevnt ovanfor vedteke at det nye kommunestyret Sogndal får frå valet september 2019 skal ha 37 representantar, og vert organisert etter Formannskapsmodellen. Nedanfor vil ein sjå eit oppsett med tal saker handsama i dei tre kommunestyra i Balestrand, Sogndal og Leikanger. Det er viktig å gjera merksam på at ein handterer saker ulikt, Sogndal kommune har eige planutval grunna omfang saker, medan tilsvarande saker vert handsama i dei to Formannskapa i Balestrand og Sogndal.

På neste side finn ein oversikt over møter, tal handsama saker i Balestrand, Leikanger og Sogndal.

Omfang politiske møter, tal vedtak kalenderåret 2017

	kommunestyremøter		Formannskapsmøter		ANDRE
	Tal møte	Tal saker	Tal møte	Tal saker	
Leikanger	8	58	10	94	<ul style="list-style-type: none"> • Har ikkje eige Planutval. • Valstyret (valår) hadde 8 møter • 19 saker handsama i Kontrollutval • 2 saker handsama i Adm.utval
Sogndal	7	74	11	67	<ul style="list-style-type: none"> • 73 saker handsama i Planutval/ Forvaltningsutval, med heile 7 møter. • 10 saker handsama i Velferd, oppvekst- og kulturutval • 7 saker Arbeidsmiljøutval • 11 saker i Kontrollutval
Balestrand	9	90	9	101	<ul style="list-style-type: none"> • 12 saker Arbeidsmiljøutval • 9 saker Finansutval • Ingen saker i klagenemnd • 6 saker takstnemnd eigedomsskatt • 1 sak valnemnd • 10 saker valstyret • Ingen saker i skatteutval eller tilsetjingsutval

For å visa omfang av Planutval/ Forvaltningsutvalet sine saker, (denne gong har eg henta dømet frå Sogndal)så har Kommunestyret delegeret følgjande mynde til forvaltningsutvalet:

• Gjev tilråding direkte til kommunestyre innanfor utvalet sitt myndeområde og som ikkje har økonomiske konsekvensar ut over vedteken økonomiplan. Saker som kjem frå utvalet, og som har økonomiske konsekvensar, skal gå via formannskapet. Handsame saker etter plan- og bygningslova, unnateke kommuneplanar og kommunedelplanar og der lova legg mynde direkte til kommunestyret, eller mynde er delegert til andre frå kommunestyret, m.a.: Fastsetjing av planprogram til reguleringsplan etter pbl. § 12-9 og legg ut framlegg til reguleringsplanar til offentleg høyring. Vedtak av mindre reguleringsplanar etter pbl. § 12-12 når desse er i samsvar med rammer og retningslinjer i ein arealdel av kommuneplanen. Vedtak av mellombelse dele- og byggjeforbod etter pbl, kapittel 13. **Vidare:** Handsame søknadar etter konsesjonslova § 5 og §11. Mynde etter jordlova til å gje pålegg om jordutleige, jf. § 8, 3. ledd, gjere vedtak om fritak frå drivepliket, jf. § 8a samt gjere

vedtak i saker som gjeld deling av driftseining, jf. § 12. Tek avgjerd der det har kome innvendingar frå høyringsinstansane på «Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar» jf. Skogbrukslova § 7 om vegbygging

Omfang politiske møter, tal vedtak første halvår 01.01-30.06.2018

	kommunestyremøter		Formannskapsmøter		ANDRE
	Tal møte	Tal saker	Tal møte	Tal saker	
Leikanger	3	29	3	39	<ul style="list-style-type: none"> • 9 saker handsama første halvår i Kontrollutvalet
Sogndal	5	20	6	36	<ul style="list-style-type: none"> • 31 saker Planutval/forvaltningsutval, 4 møter • 3 saker velferd, oppvekst, kulturutval • 6 saker arbeidsmiljøutval • 9 saker kontrollutval • 3 saker adm.utval
Balestrand	5	37	5	40	<ul style="list-style-type: none"> • 0 saker Planutval • 8 saker arbeidsmiljøutval • 1 sak finansutval • 3 saker takstnemnd eigedomsskatt

Føringar for politisk verksemd:

Politisk arbeidsgruppe har gjort det klårt at ein vil byggja den nye kommunen med

- ✓ lokalt sjølvstyre,
- ✓ engasjement frå politikarar,
- ✓ involvering og engasjement frå innbyggjarar, lag/organisasjonar, arbeidsliv, næringsliv

.....for å kunna vidareutvikla Nye Sogndal kommune i takt med det å vera regionsenter, kunne handtera nye oppgåver, og sikra effektiv og god samhandling mellom politikk og administrasjon.

Ein legg og vekt på å understøtta effektivt samspel mellom politikk og administrasjon med gode fullmakter.

Det heiter vidare ;

«Prosjektgruppa har som hovudmål å leggje til rette for auka deltaking og meir medverknad i kommunale avgjerdsprosessar.


Det heiter seg og at «Prosjektgruppa skal innan hausten 2018 leggje fram framlegg til politisk organisering i Nye Sogndal kommune. (...)

Arbeidsgruppa har drøfta tidsaspektet ovanfor, og ser det som hensiktsmessig å nytta hausten 2018 til arbeidet samt kort høyring i november på utvalet sine framlegg. Dette var og tema på det tredje møtet, at ein tilrødde å invitera til dialog kring temaet på haustens folkemøter.

Ein skal levera til Fellesnemnda framlegg til ny politisk struktur, som bør vedtakast seinast februar 2019.

Dette er i tråd med dei anbefalingar KS har om minst trekvart år før den formelle samanslåinga trer i kraft.

Administrativ overordna organisering:



Kort forklaring med framlegg:

Kommunestyret er det øverste politiske organet i kommunen. Formannskapet er nest øverste politiske organet i kommunen.

Sogndal kommune vert ein mellomstor kommune i norsk målestokk. Kommunestyret får samanlikna med andre kommunar med tilsvarande folketal, eit stort tal representantar.

Kommunestyret er eit formelt vedtaksorgan og skal framstå med verdigheit og legitimitet. Det vert difor ei viktig oppgåve å leggje til rette for at kommunestyremedlemmene kan delta i meningsfylt politisk arbeid.

Korleis vil gruppa sikra dette?

Dette kan innebera at Kommunestyret bør ta avgjerd i alle viktige saker, og at komitear / utval berre vert rådgjevande til Kommunestyret og ikkje dei som fattar vedtak.

Politisk arbeidsgruppe har som mål at det skal vera interessant å sitja i kommunestyret med tilhøyrande

komitear/utval. Modellen nedanfor freistar å sikra dette.

Det er ikkje til å kome forbi at ein såpass større kommune enn dagens kommunar, vil måtte ha eit moderne delegasjonsreglement som gjev administrasjonen effektive fullmakter.

Den «politiske» kvardagen i ein kommune på 13.000 innbyggjarar og 37 kommunestyremedlemmer, vil fort kunne opplevast nokså ulikt det ein er vant til i ein kommune på 1.300 eller 2.300 eller 9.000.

Hovudstrukturen som Formannskapsmodell, skal tilfredsstillе mange behov. Mellom anna vil utval/komitear kunne vere ein arena for «politisk skulering» der nye folkevalde kan få erfaring, læring, kompetanse. Strukturen bør og føre til at dei som sit i kommunestyret får tidleg og reell innverknad på sakene som skal til handsaming.

Ei framtidig politisk organisering bør sikra følgjande kriterier:

Fremje god folkevalt styring av den nye kommunen. Sikra effektivitet gjennom klåre ansvarsforhold, delegasjon. Ein må dessutan skilja politikk og administrasjon, og sikra gjennomgåande representasjon.

Organiseringa bør fremje heilskapleg styring av Sogndal kommune, og den politiske organiseringa og virket skal støtte opp om administrativ organisering. Ein bør halde fast ved hovudtrekka i moderne styring, med delegasjon og mynde til utøvar.

NY KOMMUNELOV



«Vår eigen» og utvalsléiar Oddvar Flæte overrekte kommunelovutvalets NOU- forslag til ny kommunelov til dåverande Kommunal og moderniseringsminister Jan Tore Sanner.

NOU 2016:4 – Ny kommunelov – har fleire framlegg om organisering av den politiske strukturen i ein kommune.

Her tek ein med to perspektiv frå utgreiinga, som kan ha relevans for politisk gruppe si tilråding når det gjeld politisk styring i Sogndal kommune:

Perspektiv 1)

Styrka folkevalt styring i kommunane, der dei viktigaste forslaga frå utvalet er:

Tydeliggjøre rollen til de folkevalgte og til administrasjonen, blant annet gjennom å gjøre skillet mellom dem klarere

Åpne for at kommuner kan bestemme at ordføreren skal velges direkte av innbyggerne

Utvide adgangen til å ha fjernmøter i kommunestyret og andre folkevalgte organer

Utvide de folkevalgtes rett til innsyn i administrasjonens dokumenter

Bevare muligheten for å ha parlamentarisk styreform som alternativ til formannskapsmodellen, men stille strengere krav for å kunne innføre parlamentarisme (krav om 2/3 flertall)

Styrke kommunestyret og opposisjonen i parlamentarisk styrte kommuner

Skjerpe kravene til kjønnsbalanse i kommunale organer ved å knytte kravet til kjønnsbalanse til sammensetningen av organet som helhet.

Innføre kommunedirektør som ny, kjønnsnøytral tittel på lederen av kommunens administrasjon

Perspektiv 2)

Effektive, tillitsskapende og bærekraftige kommunar, der dei viktigaste forslaga frå utvalet er:

Styrke åpenhet og innsyn i kommunene ved blant annet nytt krav om at kommunens informasjon om virksomheten skal inkludere virksomhet som andre rettssubjekter utfører på vegne av kommunen, og ved krav om at kommunene skal legge til

rette for at alle kan få tilgang til informasjon om virksomheten. I tillegg skal krav om møteoffentlighet gjelde for flere folkevalgte organer

Lovfeste at kommunestyremedlemmer ikke har adgang til å bli valgt til styret i kommunale foretak, slik at dobbeltroller og habilitetsproblematikk unngås

Lovfeste at ordfører på visse vilkår skal kunne suspenderes eller fratras vervet som folkevalgt

Lovfeste at kommunedirektøren har ansvaret for personalsaker som ansettelser og oppsigelser

Lovregulere regionrådmodellen og en ny organisasjonsform – kommunale oppgavefellesskap

Formannskap:

Kommunelova § 8: Kvar kommune skal ha eit formannskap på minst 5 medlemmer

Formannskapet skal bestå av eit utval ifrå Kommunestyret sine medlemmer ved fleirtalsval, såframt ikkje minst eitt av kommunestyra sine medlemmer krev at det vert halde førehandsval.

Formannskapet er på mange vis den reelle politiske beslutningsarenaen i kommunane i Noreg. Ofte vert saker handsama i Formannskapet før ein dei kjem til endeleg avgjerd i Kommunestyret.

Formannskapet skal etter Kommunelova som eit minste minimum handsame framlegg til:

- økonomiplan,
- budsjett og
- skattevedtak.

Sofremt anna ikkje er lovmessig vedteke, kan Formannskapet faktisk verte tildelt mynde i dei aller fleste sakene.

God struktur og samspel internt i dei politiske gruppene er viktig for å sikra gode politiske prosessar.

I dag har Balestrand og Leikanger 5 medlemmer i sine respektive formannskap, medan Sogndal har 9 medlemmer i formannskapet. I Nye Sogndal har ein i politisk gruppe sagt at talet medlemmer i formannskapet kan vera 9- 11 (37 kommunestyremedlemmer).

Koml. § 9:

Kommunestyret vel ordførar og varaordførar blant medlemmane i formannskapet. Ordførar har møte- og talerett i alle kommunale organ.

Kommunestyret kan gje ordføraren mynde til å treffe vedtak i enkeltsaker, og i type saker som ikkje er av prinsipiell karakter.

Alle kommunar som ikkje har parlamentarisk styreform, skal ha eit formannskap. Formannskapet er eit viktig organ i styringa av kommunen og skal mellom anna legge fram forslag til årsbudsjett.

Om ein ønskjer ei sterk politisk styring bør ein legge vesentlege oppgåver til formannskapet.

Saker som har økonomiske konsekvensar og som ikkje er handsama i budsjett/økonomiplan bør alltid handsamast av formannskapet. Det er viktig at styrkeforholdet i kommunestyret blir spegla att i formannskapet og at flest mogelege av partia får sete her, men formannskapet bør ha ein storleik som gjer det til eit effektivt organ for avgjerd og som kan møtast ofte og på kort varsel.

Dei kommunane som har folketal kring 15.000- 20.000, har formannskap med 9 eller 11 medlemmar. Det finns ikkje noko forholdstal/mal for kor stort utvalet bør vere, men ofte er 20 – 30% av medlemmane i kommunestyret medlemmar i formannskapet. Sogndal kommune vil som tidligare nemnt få eit relativt stort kommunestyre med 37 medlemmar. Det er viktig at ein då har eit effektivt formannskap som ikkje er for stort. Då er det kanskje greitt å tenkje 9 formannskapsmedlemmer?

Framlegg

Kommunen skal styrast etter Formannskapsmodellen.

Formannskapet i Sogndal skal vera effektivt og ha breid representasjon frå kommunestyret.

Formannskapet får 9 medlemmer.

Fellesnemnda hadde studietur 5-6 juni 2018. Ordførarane og rådmennene var på KS reise til Danmark hausten 2018.

På begge turane fekk ein mellom anna høyra om innbyggjarinvolvering og om politisk organisering. Gjennomgåande representasjon vert frå mange anbefalt som viktig for å ha eigarskap til saker, og kan sikra informasjonsflyt. Det kom og fram at fleire meiner det er meir interessant å vera lokalpolitikar, og at gjennomgåande representasjon gjev betre beslutningar.

Framlegg

Formannskap og andre utval/komitear med utspring ifrå Sogndal kommunestyre skal ha gjennomgåande representasjon.

Komité, utval, kommunestyrekomité?



Hovudutvalsmodellen, med kommentarar.

Koml. §10:

Kommunestyre kan opprette faste utval for kommunale formål. Utvala skal ha minst 3 medlemmer. Utvala kan tildelast avgjerdsmynde. Kommunestyre kan også opprette komitéar til å

førebu handsaming av saker og til å utføre særskilte verv.

Slik komité kan også få mynde til å avgjere enkeltsaker som har direkte tilknytning til komitéens oppdrag.

Kommunestyret kan sjølv når som helst omorganisere eller legge ned faste utval og komitéar

Når det gjeld organisering med hovudutval var dette den vanlege politiske organiseringa på starten av 90-talet. Modellen byggjer tradisjonelt på at administrasjonen vert delt i sektoretatar med tilhøyrande politiske hovudutval.

Slike utval er å sjå på som faste utval etter kommunelova §10, nr 1. Utvala er permanente og har delegert avgjerdsmynde. Det må vera samsvar mellom den administrative og politiske organiseringa i sektorar. Modellen krev at minst 40% av medlemmane i utvalet skal vere frå det underrepresenterte kjønn. Den krev ikkje at det er direkte valde representantar (kommunestyre-representantar) som sit i utvala.

Dersom politisk gruppe vel utval, ligg framlegget her opp til gjennomgåande representasjon blant medlemmene i utvala.



Faste utval utan vedtaksmynde (komitear), med kommentarar.

Koml. §10a:

Kommunestyret kan opprette kommunestyrekomitéar som saksførebuande organ for kommunestyret. Har ikkje avgjerdsmynde. Minimum 3 medlemmar. Medlemmane i kommunestyret vert fordelt på komitéane. Medlem i kontrollutvalet er unnateke. Ordførar kan unntakast. Komitéane skal setjast saman f orholdsmessig etter den kjønnsfordelinga som er i kommunestyret.

Svært mange kommunar har faste komitear med heimel etter kommunelova §10.1. Dette er same heimelen som ovanfor.

Etter denne modellen skal alle avgjerder som skal handsamast politisk takast av det faste utval for plansaker, formannskapet eller kommunestyret. For dei som sit i Kommunestyre og Formannskap vert det då kanskje meir reelle diskusjonar, involvering og opplevd politisk avgjerdsmynde, enn ein «tradisjonell» og litt «gamaldags» hovedutvalsmodell (-der avgjerder vert fatta i underutval/hovudutval og at det såleis kan opplevast som meir proforma i Kommunestyret?).

Alle enkeltsaker som kan avgjerast av administrasjonen er føresett delegert til rådmannen. Kommunestyret oppnemner komitear. Desse har ikkje avgjerdsmynde, men innstillingsrett til kommunestyret. Det mest vanlege er å ha faste komitear.

Også her gjeld regelen om at minst 40% av medlemmane skal vere frå det underrepresenterte kjønn. Heller ikkje her er det eit krav at komiteane har berre direkte valde representantar.

Politisk arbeidsgruppe har diskutert at ein ønskjer brei involvering, gjennomgåande representasjon og at ein ønskjer ein struktur som sikrar innbyggjarperspektiv.

Kommunestyrekomitémodellen

Etter §10a i Kommuneleva kan kommunestyret opprette kommunestyrekomitéar som saksførebuande organ for kommunestyret. Komitéane har ikkje

avgjerdsmynde, og dei skal minimum ha 3 medlemmar. Det er berre medlemmane i kommunestyret som kan vere medlem i slike komitéar. Medlemmar i kontrollutvalet som også sit i kommunestyret kan ikkje veljast til komitéane. Ordførar kan fritakast. Det er ikkje krav til kjønnskvotering, men dei ulike kjønna skal fordelast forholdsmessig mellom dei ulike komitéane. Dersom ein nyttar denne heimelen for organisering er det viktig å vere klar over at alle kommunestyremedlemmane utanom dei som er nemnt ovanfor, skal fordelast på ein komité. Dette kan vera eigna modell som sikrar gjennomgåande representasjon, og at alle medlemmene i kommunestyret vert involvert til viktig politisk virke.

Ein reindyrka komitémodell er karakterisert ved

- gjennomgåande representasjon
- ikkje vedtaksmynde
- saksførebuande organ for saker som skal avgjerast av Formannskap/ kommunestyret

OT. PR 96 (2005-2006). I denne vart det peika på at komitéorganiseringa har henta inspirasjonen sin frå parlamentariske styringsformer, men med den forskjell at den fokuserer mindre på politisk konkurranse og meir på iverksetting av ein heilskapleg politikk. Hovudutvala har ofte hatt med personar som ikkje sit i kommunestyret. Faste utval må også oppfylle kravet om kjønsmessig

balanse, noko som gjer det umogeleg å få til gjennomgåande representasjon.

Formålet med komitear har også vore å få eit klarare skilje mellom politikk og administrasjon, og få ein forenkla og meir effektiv saksgang. Alle modellane krev imidlertid administrativ støtte, og Rådmannen må ha tid til å førebu saker fram til Kommunestyret.

Adhoc-utval

Eit alternativ kan vere å opprette komitéar når behovet for politisk medverknad melder seg. Innstillingane frå komitéane/ formannskapet vert lagt fram for kommunestyret av ein saksordførar vald av vedkomande komité/formannskapet. Slike utval har heimel i §10.5 i kommunelova.

Kva modell høver for Sogndal kommune?

Det kjem truleg an på politisk erfaring og ulike meiningar.

Eit perspektiv inn i vurderinga kan vere:

Det er gjerne eit ønskje om vitalisering av politikarrolla der kommunestyret skal gjerast til ein meir attraktiv arena for politisk arbeid som er bakgrunnen for overgang til komitémodellen i fleire kommunar. Kanskje det då kan vere hensiktsmessig å tenkja **Faste utval utan vedtaksmynde (komitear)**

Politisk arbeidsgruppe har drøfta:

- ansvar/medverknad
- involvering
- interessant
- heilskapleg tilnærming
- kontinuitet
- forståing
- administrativ kostnad

Får kommunestyret betre styringsfunksjon når uttale først kjem frå komite eller utval? Val av gjennomgåande representasjon fører også til at drøfting og seinare avgjerd vert fatta av politikarar som er direkte valt til kommunestyret.

Som de ser ovanfor har ein tidligare meir hatt faste sektorvise utval i mange kommunar, døme; helse og sosial, undervisning, kultur og teknisk. Som følgje av framveksten av lover som regulerer rettar for innbyggjarar og delegering til administrasjonen, er saksmengda til dei politiske utvala redusert. Samstundes ser ein at behovet for heilskapleg styring og sektorovergripande arbeid blir viktigare. Og kanskje særleg viktig når me no skal etablere NYE SOGNDAL frå 01.01.2020.

Mange kommunar har derfor organisert utvalsstrukturen meir med utgangspunkt i brukarane sin behov enn reine sektorbehov. Skal me og gjera det i Sogndal kommune?

Framlegg til vurdering?

Politisk har ein fleire val, med sine fordeler og ulemper.

Prosjekttrådmann tilrår at politisk gruppe ser på det som er skissert ovanfor som;

2) Faste utval utan vedtaksmynde (komitear), med kommentarar.

Ref. Kommunelova §10a:

Faste utval utan vedtaksmynde (**komitear**) med gjennomgåande representasjon kan sikra det politisk gruppe er ute etter;

- A) ansvar/medverknad
- B) involvering,
- C) gjennomgåande representasjon, heilskap, kontinuitet
- D) fast struktur
- E) tid til å involvera partigrupper

Rådmann/ administrasjon førebur saker, og komite får tid til arbeid. Ein gjev uttale til handsaming av viktige saker i Kommunestyret, såleis involverer ein alle representantane i arbeidet.

Sjå bakerst ein mogleg struktur, eigne teikekart

RÅDSSTRUKTUR



MOT- teamet og Sogndal ungdomsråd

Politisk arbeidsgruppe har diskutert at ein ønskjer brei involvering, gjennomgåande representasjon og at ein ønskjer ein rådsstruktur som sikrar medverknad og innbyggjarsperspektiv.

Koml. § 10 b. Råd for eldre, personer med funksjonsnedsettelse og ungdom.

Kommunestyret skal velge eit eldreråd og eit råd for personar med nedsett funksjonsevne. Fleirtalet av medlemmane i eldrerådet skal på valtidspunktet ha fylt 60 år.

Kommunestyret kan velge eit ungdomsråd. Ungdomsrådet skal ha ein valperiode på inntil to år. Medlemmene i ungdomsrådet skal på valtidspunktet ikkje ha fylt 19 år.

Råda er rådgjevande organ for kommunen og har rett til å uttale seg i saker som gjeld henholdsvis eldre, personar med nedsett funksjonsevne og ungdom.

Kommunestyret kan etablere ei anna medvirkningsordning for ungdom enn eit ungdomsråd.

Dei lovpålagde råda vert ikkje kommentert.

Tredje sektor og tenesteutvikling...

I dagens tre kommunar Balestrand, Sogndal og Leikanger har ein i dag mange lag og organisasjonar. Desse er viktige og representerer noko av kvalitetane ved bygdene og området vårt. Nokre av laga og organisasjonane jobbar og fram viktige happeningar og det som me må bruka som til dømes merkevarer for regionen; Balejazz, Fruktbare dagar, Fjellsportfestivalen med meir.

Nokre lag er bygderelaterte, andre store robuste idrettslag med million-omsetnad. Nokre lag og organisasjonar femner både kultur og idrett. Det å ha råd for idrett og kultur kan gje synergjar, og det er viktig å samle og høyre eldsjeler som legg ned stor innsats for innbyggjarane og bygdene våre. Desse er viktige i det å skapa attraktivitet, godt omdømme, tilhøyrgheit, tryggleik og verdi.

Inkludering og tenesteutvikling...

Sogndal kommune er eit internasjonalt samfunn med folk frå ulike verdsdelar og med ulik bakgrunn (tidligare flyktningar, arbeidsinnvandring, relasjonsinnvandring). Dette er verdifullt og speglar at me er ein del av eit større multikulturelt samfunn, men det speglar og at Sogn er ein attraktiv stad å bu og for nye landsmenn. Det å

involvera innbyggjarar med anna erfaring, læra og å forstå vil kunne gje kommunen verdifull innsikt i behov som oppstår, men og å møte desse på slik måte at ein når overordna politisk målsetting om rask inkludering og deltaking i samfunnet.

Sogndal kommune har og slik storleik, at ein vert oppmoda frå IMDI om å vidare busetje flyktningar som har fått opphald.

Framlegg:

Sogndal kommune sitt eldreråd skal ha 7 medlemmer.

Framlegg:

Sogndal kommune skal ha ungdomsråd, 10 medlemmer.

Framlegg:

Sogndal kommune sitt råd for menneske med nedsett funksjonsevne skal ha 7 medlemmer.

Framlegg:

Sogndal kommune skal ha eit idretts – og kulturråd, 7 medlemmer.

Framlegg:

Sogndal kommune skal ha eit flyktning – og innvandrarråd, 5 medlemmer.

Andre råd og utval? – JA!



Innspeil frå Rådmenn seier og at det generelt kan det liggje utval her som etter særlovgeving burde vore tydelegare.

Til dømes må de etter kvart sjå på kva organ som til dømes skal opprettast etter eigedomsskattelova (politikken på eigedomsskatt må kome til kommunestyret). Valstyret er eit anna utval m.a. Dette må ein kome attende til seinare.

Koml. § 25:

Alle kommunar skal ha eit Partssamansett utval/ Administrasjonsutval, eventuelt andre ordningar for å handsame tilhøvet mellom kommunen og dei tilsette.

Framlegg:

Det vil vere naturleg å velje eit slikt utval ved konstitueringa av det nye kommunestyret for Sogndal kommune.

Koml. §§27 – 28-1k *handlar om interkommunalt samarbeid*

Framlegg:

Dette vert sett ned ei eiga arbeidsgruppe frå Fellesnemnda som skal sjå på alle interkommunale avtalane. Ordførarane kan vere dei som er med, evt leiar Fellesnemnd, opposisjonsparti med meir. Fleire av avtalane må seiast opp innan utgangen av 2018, andre har andre fristar.

Politisk arbeidsgruppe anbefalar til Ordførarane ei snarleg gruppe.

Koml. §§ 41,42

Den som har eit kommunalt tillitsverv har krav på skyss-, kost- og overnattingsgodtgjersle. Tap av inntekt og påførte utgifter skal også dekkast opp til eit visst beløp pr. dag.

Den som har eit kommunalt tillitsverv har krav på godtgjersle for arbeidet sitt.

Framlegg:

Her vil det vere nødvendig å diskutere om arbeidsgruppa også ska sjå på og kome med framlegg om eit godtgjersleregulativ for Sogndal kommune.

Arbeidet byrjar februar 2019, med involvering av Fellesnemnda. Innstilling i Fellesnemnda i juni 2019. Denne innstillinga vert anbefaling til det nye kommunestyret som vert valt 2019.

Koml. § 43:

Kommunestyret kan vedta å opprette eller slutte seg til ei pensjonsordning for folkevalde.

Framlegg:

Ordførar vil framleis vere sikra pensjonsordning gjennom KLP og SPK. Dette gjeld ikkje andre folkevalde som har arbeid og som har eiga pensjonsavtale hjå sin respektive arbeidsgjevar. Dette er vidareføring av dagens ordning.

Koml. §§ 61 – 75: **Kommunale føretak**

Framlegg:

Det vert nedsett ei lita og godt eigna arbeidsgruppe som ser på organiseringa av tenesteproduksjonen gjennom interkommunale selskap og kommunale føretak.
Bør veljast av Fellesnemnda 06.12.18.

Koml. § 77. Kontrollutval

Kvar kommune skal ha eit kontrollutval som skal føre det løpande tilsyn med forvaltninga.

Kontrollutvalet skal ha min. 3 medlemmar. Minst eitt av medlemmane skal veljast blant kommunestyret sine medlemmar.

Framlegg:

Ved konstituering av det nye kommunestyret skal det veljast eit kontrollutval med minimum tre medlemmer.

Det eine medlemmet skal vera ifrå Kommunestyret, men de kan velja fleire.

For å sikra breidde, kompetanse og arbeidsdeling tilrår prosjektrådmannen at KU får 5 medlemmer, der minst eitt er frå kommunestyret (opposisjon) og eitt er vara (posisjon).



Biletet er frå planomtale til reguleringsplan for Hatlebakkane, Leikanger.

Plan- og bygningslova:

Det er ikkje lenger eit krav i lova at kommunen skal ha eit fast utval for plansaker §3-3.

Svært mykje av lokalpolitikken er knytt til handsaming av saker etter plan- og bygningslova – og særleg plansaker. I ein stor kommune som Sogndal kommune vil mykje av byggesakshandsaminga vere delegert til administrasjonen.

Sogndal kommune har i dag eige planutval, medan formannskapa handterer dette i Balestrand og Leikanger.

Her må arbeidsgruppa ta stilling til om ein ønskjer eit utval som skal ha fokus på oppfølging av plan og byggesaker. Dersom desse sakene vert lagt til formannskapet (som i Balestrand og Leikanger), vert arbeidsmengda svært stor, kanskje for stor for det nye formannskapet. Det har og ei annan side, ref. ovanfor: involvering av heile kommunestyret i det som vert den største kommunen i Sogn. Ein har og sagt at ein skal tenkje heilskap, og sikra vidare vekst og utvikling i heile den nye kommunen. Slike saker krev tid og mynde.

Framlegg:

Volum av saker i Sogndal kommune frå 2020 tilseier at ein bør ha eit eige planutval/forvaltningsutval slik som i dagens Sogndal.

Dette har heilskapleg fokus på vekst, utvikling, regulering etter Plan og bygningslova med meir.

Ein etablerer eit eige PU for Sogndal kommune, med 7 eller 9 medlemmer.

Helse- og sosialtenestelov:

Dersom folkevald organ etter vedtak i kommunestyret skal handsame saker om enkeltpersonar etter sosialtenestelova, skal organet ha tre til fem medlemmer.

Ingen av kommunane har eit slikt utval i dag og det er vanleg at slike saker er delegert til administrasjonen/ rådmannen.

Slike organ vert og kritisert for at «lekfolk» skal inn i enkeltsaker, og at dette er «innsyn som trugar rettsvern, personvern og integritet», og som ikkje er naudsynt då ein kan delegere slike saker til kvalifisert kompetanse og likevel sikre rettsvern gjennom klageadgang og Fylkesmennene si viktige rolle i slike klagesaker.

Framlegg:

Ein vidarefører dagens ordning, og etablerer ikkje utval som skal handsame enkeltpersonar etter dette lovverket.

Forvaltningslova §28:

Enkeltvedtak etter kommunelova kan klagast til kommunestyret eller eige klageorgan oppretta av kommunestyret.

Framlegg:

Det vert oppretta av det nye kommunestyret ei klagenemnd, dette vert lagt til Formannskapet som deloppgåve/mynde.

Det vert oppretta av det nye kommunestyret eit valstyre, dette vert lagt til Formannskapet som deloppgåve/ mynde.

Arbeidsmiljølova § 7-1.

Kvar kommune skal ha eit arbeidsmiljøutval.

Framlegg:

Det vert oppretta AMU med tre representantar frå Kommunestyret.

Barn og unge sine interesser



Prosjektrådmann har merka seg at det både i politisk arbeidsgruppe, i fellesnemnda og av Ordførarane er stor interesse og oppriktig vilje til å sikra barn og unge sine perspektiv. Sogndal kommune har dessutan i dag særleg stor vekst av barn/unge. Ordførarane har og hatt møter med elevar og ungdomsråd, der og dei gjev uttrykk for å ville ha medverknad.

Plan- og bygningslova §3-3 seier mellom anna:

Kommunestyret skal sørge for å etablere en særskilt ordning for å ivareta barn og ges interesser i planleggingen. Dette kan skje på ulike måtar, mest vanleg har vore/er:

A)

Barnerepresentantordninga (ein spesielt utpeika tilsett/rolle/funksjon) skal ivareta interessene når eit fast utval utarbeider og behandlar forslag til planar.

B)

Sekretær for barne- og-/eller ungdomsråd blir utpeika til også å ha særskilt ansvar for å ivareta barn og unges interesser i planlegginga.

C)

Koordinator for lokale kriminalitetsførebyggande tiltak vert peika ut til også å ha særskilt ansvar for å ivareta barn og unges interesser i planlegginga.

D)

Spesielt utpeika medlemmer av kommunens faste utval som handsamar planspørsmål.

Framlegg;

Det vert lagt opp til at Sogndal kommune får eit stort og godt UNGDOMSRÅD.

Prosjektrådmann vil dedikera eigen fast sekretær for ungdomsrådet, som sikrar involvering og medverknad på ungdommane sine premisser.

Prosjektrådmann tilrår difor alternativ **B) med eigen sekretær for barne- og-/eller ungdomsråd blir utpeika til også å ha særskilt ansvar for å ivareta barn og unges interesser i planlegginga.**

Lokaldemokrati- ordningar

Politisk gruppe har så vidt drøfta dette med ulike lokaldemokratiske ordningar.

Framlegg:

Saker som vedkjem bygder/ utvikling, innbyggjarar , lag og organisasjonar , næringsliv med meir vert sikra gjennom høyringsinstituttet. Her kan ein utan å opprette egne utval, invitera til folkemøter/ møter om enkeltsaker

der målet er informasjon, drøfting, avklaring, innhenta innspel.

Prosjektrådmann tilrår ikkje eigne bygdeutval. Men at ein vidareutviklar det rommet som ligg i Plan og bygningslova gjennom å involvere, sjå og høyre aktuelle aktørar/interesser der det er aktuelt.

Gentofte kommune i Danmark involverer visse kompetansemiljø blant innbyggjarar i visse saker, det er og noko dei ulike utvala/komitéane kan gjere frametter.

Grendalag vil kunne vere viktige høyringsinstansar for ting som til dømes er planlagt i Fjærland.

Nokre perspektiv på innstillingsrett, delegasjon til kommunestyret?

Av §39 i kommunelova går det fram at kommunestyret skal fastsette korleis innstillingsretten skal fungere. Ei innstilling er eit framlegg til vedtak som organet skal røyste over.

Det vanlege er at rådmannen har førebudd sakene i samsvar med §23, 2. ledd i Koml. slik at dei er forsvarleg utgreidd. Kommunane praktiserer fullført sakshandsaming – alle sakene som går til politisk handsaming vert fremja av rådmannen og er førebudde for det organet som skal gjere endeleg vedtak. Nokre saker er inno utval/komité enten som høyring eller med eiga innstilling.

Når hovudutvalsmodellen vart innført på 70-talet, var det vanleg at sakene gjekk frå hovudutvala til formannskapet som så hadde innstillingsretten til kommunestyret.

Seinare har dei fleste kommunar modifisert dette slik at hovudutvala også har innstillingsrett direkte til kommunestyret. Kva saker dette gjeld er då regulert i reglement.

Framlegg:

Uavhengig av modell må reglement utarbeidast.

Framlegg er at det er politisk arbeidsgruppe som gjer dette, februar-mai 2019.

Det skal deretter gå til Fellesnemnda (juni 2019), med vidare anbefaling til det nye kommunestyret.

Dei økonomiske følgjene av dei ulike modellane må avklarast før vedtak, herunder godtgjersle, administrative kostnader med meir.

Kommunestyrekomitéar i samsvar med §10a i kommunelova har etter lova ikkje vedtaksmynde, men skal tilrå i saker for sitt kompetanseområde direkte til kommunestyret.

Av og til kan det skje at også ordføraren førebur saker med framlegg til vedtak. Dette er gjerne saker av rein politisk karakter.

Kommunelova har ikkje nokon generell regel om innstillingsrett eller – plikt verken for administrasjonssjefen,

ordføreren eller noko anna organ. Men formannskapet skal komme med innstilling til kommunestyret om årsbudsjett, økonomiplan og rekneskapen.

Framlegg:

Prosjektrådmann tilrår at ein vidarefører dagens praksis ved at rådmannen innstiller i saker som skal handsamast i faste utval/komitear, formannskapet, kommunen sitt faste utval for plansaker o.l.

Ordføreren bør ha høve til å fremje saker slik praksis har vore.

Men i dette må det takast nokre politiske val, vil politisk gruppe ta stilling til om at saker som skal handsamast i kommunestyret har politisk tilråding direkte frå hovudutval/komitear / kommunestyrekomitéar? Eller frå Rådmann før politisk handsaming?


Det er ordføreren som er ansvarleg for den politiske saksgangen fram til kommunestyret, og som bør bestemme i kva utval/komité sakene skal handsamast i.

Framlegg: Det bør i tillegg utarbeidast reglement for kvart politisk utval/komité.

Framlegg:

Det er vanleg at kommunane har gjort vedtak om at avgjerd i alle enkeltsaker eller typar saker som ikkje er av prinsipiell betydning er delegert til Rådmannen. Dette er nedfelt i eit delegeringsreglement der kommunestyret delegerer til rådmannen.

Eg gjer og merksam på at kommunestyret skal vedta reglement for delegasjon for innstillingsrett innan 31. desember etter konstituering. Men sidan dette er ei samanslåing av tre kommunar, bør dette vera på plass før. ber ein Fellesnemnda førebu dette slik at det kan handsamast innan 31.12.2019.



Delegeringsprinsipp:

Etter kommunelova er alt mynde lagt til kommunestyret.

Mynde som etter særlover tidlegare var lagt til andre organ, skal no vere tilpassa dette prinsippet.

Vi har likevel framleis ein del lovreglar som legg mynde til lovbestemte utval som formannskapet, planutvalet, valstyret m.m. Dette rokkar likevel ikkje med hovudprinsippet om at det er kommunestyret som har det avgjerande ordet.

Kommunestyret kan delegerer mynde til andre politiske organ eller til rådmannen med mindre det er bestemt at myndet ikkje kan delegerast. Tilsvarande kan andre politiske organ delegerer til rådmannen.

Sjølv om eit mynde etter lova ikkje kan delegerast, kan kommunestyret gjere vedtak om at formannskapet eller anna fast folkevalt organ kan gjere vedtak i saker når det ikkje er tid til å kalle inn vedtaksorganet, kommunelova § 13.

Delegering betyr overføring av mynde frå eitt organ til eit anna. Den ein delegerer til, kan treffe avgjerder innan vedtaket sine rammer på vegne av den som delegerer. Den som delegerer mynde kan når som helst ta dette tilbake.

Delegering er viktig:

Kommunane har etter kvart fått eit omfattande administrativt apparat. Dette er heilt nødvendig for å gjere arbeidsformer og vedtaksprosessar effektive og tenlege, og å få til eit fornuftig skilje mellom politikk og administrasjon.

Delegering til formannskapet:

Formannskapet tek avgjerd i alle saker som ikkje vert avgjort av kommunestyret, og i saker som ikkje vert avgjort i andre organ etter lov eller

delegert mynde. Dette gjeld også fråsegner og tilrådingar til KS, fylkeskommunale og statlege organ m.m.

Delegering til rådmannen.

All delegering til administrasjonen skal skje til rådmannen så langt lovverket ikkje seier noko anna. Det er berre vedtak i enkeltsaker eller type av saker som ikkje er av prinsipiell betydning som kan delegerast til rådmannen (kommunelova §23.4).

Saker som ikkje kan delegerast er t.d. fastsetjing av årsbudsjett, økonomiplan, kommuneplan. Elles ligg det i formuleringa eit vidt spelrom, og ein må vurdere kva som er effektivt, moderne og tenleg.

Framlegg:

Rådmann, Ordfører, Varaordfører og opposisjonsleiar bør minst ein gong i året ha møte der ein drøftar administrasjonen sitt arbeid og arbeidsmetodar, samt tema om dei folkevalde deler rådmannen sitt syn på kva slags saker som bør handsamast av folkevalde.

Alle kommunale folkevalde organ kan delegerer avgjerder til rådmannen såframt kommunestyret ikkje har bestemt noko anna. Sjølv om eit saksområde er delegert, har ikkje overordna myndigheit gitt frå seg kontrollen over området. Det kan instruere rådmannen om korleis myndet skal utøvast og krevje rapportar. Det kan i ein del tilfelle gjere om vedtak av underordna organ.»

Det er ein føresetnad for all delegering til rådmannen at det vert utarbeidd eit eige reglement for delegering av mynde internt i administrasjonen. Det er rådmannen som gjer delegeringsvedtaket, og det administrative delegeringsreglementet vil vere ein del av den administrative organisasjonsmodellen.

Også det administrative delegeringsreglementet bør ligge føre før 31.12.2019 så langt det let seg gjere.

Kostnader


Dette dokumentet har ikkje med nevneverdig av kostnader, det må gruppa og sjå på.

Vi har talfakta av kva det kostar å til dømes samle Formannskapet i Balestrand til eitt møte, det kostar om lag 5- 7.000 kroner.

Det å samle Fellesnemnda med bevertning kostar raskt 25-30.000 pr møte.

Dette må ein likevel kome attende til, all den tid at den nye kommunen sine politiske arenaer truleg vert noko dyrare grunna reiser, geografisk

Mogeleg modell



Politisk arbeidsgruppe innstiller til

1)

2)

..